



Saksbehandlar: Eva Moberg, Nærings- og kulturavdelinga  
 Sak nr.: 16/7171-7

## **Forvaltningsplan for Rallarvegen langs Bergensbanen og oppnemning av medlemmar til Rallarvegrådet**

**Fylkesdirektøren rår hovudutval for næring og kultur til å gjere slikt vedtak:**

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune ser positivt på Jernbaneverket sitt framlegg til forvaltningsplan for Rallarvegen langs Bergensbanen, strekninga Finse-Vatnahalsen/Myrdal-Kårdal.
2. Sogn og Fjordane fylkeskommune legg til grunn at Rallarvegen er staten sin eideom og økonomiske ansvar.
3. Som medlem i Rallarvegrådet vert oppnemnt:

Medlem:  
 Vara:

Vedlegg:

Høyringsframlegg: Forvaltningsplan for Rallarvegen langs Bergensbanen, strekninga Finse-Vatnahalsen/Myrdal-Kårdal

## **SAKSFRAMSTILLING**

---

### **1. Bakgrunn for saka**

Jernbaneverket har utarbeidd høyringsframlegg for forvaltningsplan for Rallarvegen langs Bergensbanen for høgfjellsstrekninga Finse, Vatnahalsen/Myrdal-Kårdal. Strekninga ligg i Ulvik kommune (Hordaland) og Aurland kommune (Sogn og Fjordane).

Rallarvegen er eit teknisk kulturminne frå tidleg 1900-tal. Vegen inngår i Landsverneplan for Jernbaneverket og er vurdert som eit kulturmiljø av nasjonal verdi. Som eigar har Jernbaneveket ansvar for vedlikehald, medan fylkeskommunen er kulturminnemynde. Vegen som heilskap er omfatta av fleire reguleringsplanar.

Forvaltningsplanen er ikkje juridisk bindande, men legg føringer for forvaltninga av Rallarvegen, slik som restaureringstiltak, vedlikehald, ansvarsdeling og bruk av vegen. Forvaltningsansvaret for Rallarvegen ligg til Jernbaneverket.

### **2. Om forvaltningsplanen**

Utarbeidning av Landsverneplanen for Jernbaneverket er del av eit større arbeid med landsverneplaner for statlege kulturhistoriske eigedomar (vedteke i kongeleg resolusjon i 2006). Som del av arbeidet med landsverneplaner skal det følgje forvaltningsplanar for kvar einskild eigedom.

#### Føremålet med forvaltningsplanarbeidet er

- Å sikre at intensjonane i kongeleg resolusjon vert ivaretakne
- Å etablere eit føremålstenleg forvaltningsverktøy for aktuell forvaltingseining som skal sikre forvaltning, drift og vedlikehald
- Å ivareta samfunnsinteressene som knyter seg til friluftslivet og kulturminne – dvs. sikring av kulturminne, bevaring av dei for ettertida, og fastleggje tiltak for tilrettelegging, bruk og formidling

Jernbaneverket har lagt Riksantikvaren sin rettleiar til grunn for arbeidet med forvaltningsplanen for Rallarvegen. Det er lagt vekt på å gje føringar for oppgåver som eigalar og offentlege styremakter har ansvar for, få på plass grunnlaget for utabeiding av planar for restaurering og vedlikehald, samt fordele ansvar knytt til oppfølging av forvaltningsplanen.

I forvaltningsplanen er Rallarvegrådet omtalt. Rådet vart skipa i 2012 og er eit konsensusorgan som skal legge til rette for forvaltninga av Rallarvegen og sameine dei ulike interessene når det gjeld bruk av vegen. Med i rådet er representantar frå fylkeskommunane, fylkesmannsembata, kommunane, Jernbaneverket, Finse 1222, DNT Finsehytta, Haugastøl turistsenter, Rallarmuseet, Nyset/Bjørnebu sameige, Statens Naturoppsyn og Ulvik fjellstyre.

### **3. Vurderingar og konsekvensar**

Fylkesdirektøren meiner den framlagde forvaltningsplanen, med tilhøyrande tilstands- og skjøtselsplan, gjev eit godt grunnlag for vidare vern og bruk av Rallarvegen langs Bergensbanen.

Når det gjeld finansiering vil fylkesdirektøren understreke at det økonomiske ansvaret for Rallarvegen ligg hos staten.

Når det gjeld finansielle bidrag til skilting, rasteplassar og toalett, kan det frå fylkeskommunen sin side vere aktuelt å kunne nytte spelemiddelordninga. Søknad om slik finansiering må fremjast av kommunen.

På formidlingssida ser fylkesdirektøren det som naturleg å bygge vidare på det formidlingsarbeidet som allereie er gjort og legge særskilt vekt på å vidareutvikle den digitale formidlinga. Vi ser det som viktig at Rallarmuseet, Norsk Jernbanemuseum og aktørane frå reiselivet får ein aktiv rolle i dette arbeidet.

Hordaland fylkeskommune har teke ansvaret for koordinering av arbeidet med utarbeiding av ein formidlingsplan for Rallarvegen. Finansiering av dei ulike formidlingstiltaka må avklarast som del av arbeidet med formidlingsplanen.

Sogn og Fjordane fylkeskommune har ikkje oppnemt politisk representant i Rallarvegrådet. I forvaltningsplanen vert Rallarvegrådet omtalt som innehavar av ein viktig koordinerande rolle i oppfølging av føringane i forvaltningsplanen. Fylkesdirektøren meiner det vil vere føremålstenleg at Sogn og Fjordane fylkeskommune er representert med eit medlem i Rallarvegrådet.

### **4. Konklusjon**

Fylkesdirektøren meiner den framlagde planen frå Jernbaneverket er eit godt styringsverktøy for det vidare arbeidet med forvaltning av Rallarvegen.

Fylkeskommunen er positiv til å vere ein aktiv samarbeidspart i det vidare arbeidet, men understrekar at Rallarvegen er staten sin eigedom og økonomiske ansvar.

Det vil vere føremålstenleg at fylkeskommunen nemner opp eit medlem til Rallarvegrådet.

